

TIL DEG PÅ UNGDOMSTRINNET

Du kan klage på standpunktkarakterane du får på ungdomsskulen, dersom du meiner reglane for å sette standpunktkarakter ikkje er følgde.

Kva er ein standpunktkarakter?

Ein standpunktkarakter er den avsluttande karakteren du får i faget. Standpunktkarakteren skal vise den samla kompetansen du har i faget. Det er standpunktkarakteren som kjem til å stå på vitnemålet ditt frå ungdomsskulen.

Dersom du ønskjer å klage på standpunktkarakter:

- Klage på standpunktkarakter sender du til skulen din. Fristen for å klage er 10 dagar.
- Dersom du ønskjer å vite kvifor du har fått karakteren din, kan du be om grunngjeving før du klagar. Fristen for å be om grunngjeving er ti dagar. Når du har fått grunngjevinga må du sende klagen til skulen innan ti dagar.
- Klagen må vere skriftleg og underskriven av deg eller foreldra dine. Er du under 15 år må foreldra dine samtykke til klagen.
- Skriv gjerne kvifor du klagar.
- Klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, eller at karakteren blir sett opp eller ned.

Kva gjer Statsforvaltaren i saka?

Dersom du klagar på standpunktkarakteren, vil Statsforvaltaren sjå på om skulen har følgd reglane som gjeld for fastsetting av standpunktkarakterar. Vi vurderer ikkje om du har fått rett karakter ut frå det faglege nivået ditt.

Du finn meir informasjon om dette på nettsidene til Utdanningsdirektoratet (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/standpunktvurdering/>).

Med venleg helsing
Statsforvaltaren i Vestland